

Fylkesmannen i Hordaland

LINDAS KOMMUNE	
Klassering	
21.06.2016	
Arkivnr. 16/873	Løpnr.
Saknr.	Tilleggsarkivnr.

Dato:
19.06.2016

Vedr. klage av sak nr 059/16 om søknad av løyve til deling av grunneigedom.

Eigar av Gbnr 234/12 har fått avslag på deling av 0,5 da til Gbnr 234/54. Dette synast vi er heilt urimeleg på grunn av at den parsellen det er snakk om ikkje kan nyttast av andre enn eigar av Gbnr 234/54. Denne plassen er nytta av eigar av Gbnr 254/54 i alle år etter avtale med eigar av Gbnr 234/12. Dette er einaste plassen eigar av Gbnr 234/54 kan nytta kveldsola og sjøutsikta.

Eigar av Gbnr 234/54 vil ha ei permanent løysing mot at eigar av Gbnr 233/12 får overta ein naustetomt fra Gbnr 234/54. Eigar av Gbnr 234/54 vil sikra seg at det ikkje kjem nybygg tett i sitt eige hus i framtida, og skal difor stå urørt og etter overtaking.

Sakshandsamar av saka har og blanda inn ei sak frå tidlegare som vi ser heilt urimeleg då dette er eit anna Gbnr som ligg på ein annan plass og ikkje høyrer saman. Etter at eigarane av Gbnr 234/34 har fått på plass sine grenser til eigedommen har faktisk Gbnr 233/12 blitt større enn opprinneleg. Det vi seie at Gbnr 233/31 høyrer til 233/12. Dette er ein feil som kommunen har gjort tidlegare. Av den grunn ynskjer vi befarung av kommunen, då det er fleire misforståingar i saka.

Dette er no blitt ei hastesak så vi ønskjer synfaring så snart som rå er.

Vi ser ikkje på desse parsellane som dyrka mark som dykk legg fram, men som steinknausar og skog. Det er også viktig å få fram at vi ikkje er interessert å øydelegga dyrka mark på nokon måte, og ser det som uvesentleg kven som eiger det og ikkje.

Med venleg helsing
Mikal Kirkevik